Frivillig avgang	45 år: 4,5% 45-60 år: 2,0% Etter 60 år: 0,0%	45 år: 4,5% 45-60 år: 2,0% Etter 60 år: 0,0%

**Pensjonskostnader - midlar og forpliktelsar.**

Beløp i 1 000 kr	Sikra ordning	Usikra ordning	Samla 2022	Samla 2021
<b>A. Pensjonskostnad</b>				
Årets pensjonsopptening	2 803	349	3 152	3 380
Arbeidsgiveravgift av årets opptening	297	37	334	358
Rentekostnad på pensjonsforpliktinga	6 618	301	6 919	4 629
Forventa avkastning på pensjonsmidlane	-6 527	0	-6 527	-3 931
Administrasjonskostnader	2 333	0	2 333	1 905
<b>Total pensjonskostnad ytelsesbasert ordning</b>	<b>5 524</b>	<b>688</b>	<b>6 212</b>	<b>6 342</b>
<b>B. Balanseført pensjonsforplikting</b>				
Brutto pensjonsforplikting ved periodens slutt	342 515	14 526	357 041	318 833
Midlar ved periodens slutt	337 365	0	337 365	292 990
<b>Balanseført pensjonsforplikting inkl arb.g.avgift</b>	<b>5 150</b>	<b>14 526</b>	<b>19 676</b>	<b>25 843</b>
<b>C. Endring i netto pensjonsforplikting</b>				
Pensjonsforplikting i inngående balanse	12 143	13 699	25 843	51 049
Resultatført pensjonskostnad	5 524	688	6 212	6 342
Aktuarielt tap (+), gevinst (-) ført mot eigenkapital	12 825	-1 323	11 502	-12 353
Innbetalningar inkl. arb.g.avg	-29 811	0	-29 811	-19 196
Øvrige bevegelser i perioden	4 468	1 462	5 930	0
<b>Balanseført pensjonforplikting ved slutten av perioden</b>	<b>5 150</b>	<b>14 526</b>	<b>19 676</b>	<b>25 842</b>

**Den samla pensjonskostnad og forplikting i 2022**

Beløp i 1 000 kr	Resultat- rekneskap 2022	Balanse 31.12.22
Pensjonskostnad ytelsesbasert ordning	6 212	19 676
Pensjonspremie pensjonsavtale leiande tilsette	35	328
Arbeidsgjevar sitt tilskot til innskotsbasert ordning	6 030	0
<b>Sum pensjonskostnad/pensjonsforplikting</b>	<b>12 277</b>	<b>20 005</b>

**18. Kortsiktig gjeld**

Beløp i 1 000 kr	Lån 01.01.22	Aktuell rente	Nye lån 2022	Avdrag 2022	Restlån 31.12.22
Sogn og Fjordane Energi	500 000	5 år swap + 0,70%		500 000	0
Sogn og Fjordane Energi	250 000	5 år swap + 0,85%		250 000	0
Sogn og Fjordane Energi	300 000	5 år swap + 1,20%		300 000	0
Sogn og Fjordane Energi	200 000	5 år swap + 0,65%		200 000	0
Sogn og Fjordane Energi	50 000	5 år swap + 0,70%		50 000	0
Sogn og Fjordane Energi		Nibor + 0,87%	1 386 450		1 386 450
<b>Sum låneavtaler</b>	<b>1 300 000</b>		<b>1 386 450</b>	<b>1 300 000</b>	<b>1 386 450</b>
<b>Anna konsernintern gjeld til mor</b>					<b>61 322</b>
<b>Anna konsernintern gjeld</b>	<b>51 000</b>		<b>14 500</b>		<b>65 500</b>
<b>Anna kortsiktig gjeld</b>					<b>26 122</b>
<b>Sum kortsiktig gjeld</b>					<b>1 539 394</b>

Selskapet si konserninterne lånegjeld mot morselskapet er refinansiert i 2022 og konvertert til eit kortsiktig lån med forfall i 2023.

**19. Pantsetjingar og garantiar**

Linja er deltakar i konsernet Sogn og Fjordane Energi si konsernkontoavtale og er solidarisk ansvarleg for rett oppfyljing av plikter som måtte oppstå under konsernkontoavtale og tilknytt kassakredittavtale, garantiar og avtale om trekkrett. Ramma for kassakreditt er på 200 mill.kr., og trekkrett er på 500 mill. kr. Pr. 31.12.2023 er de trekt 200 mill. kr. på trekkretten. SFE-konsernet har gjeve negativ pantsettingserklæring til Danske Bank, Nordiske Investeringsbanken og knytt til opptekne obligasjonslån.

**20. Konesjonar**

NVE har etter heimel i lov av 29. juni 1990 (energilova) gjeve Linja AS konsesjon til omsetting av elektrisk energi (omsettingskonsesjon) fram til 31.12.2024. Linja har i tillegg anleggskonsesjonar og områdekonsesjonar i selskapet sitt forsyningsområde. Områdekonsesjon gjeld til 01.01.2046. Det er ved behov fornying av Linja sine anleggskonsesjonar prioritert ut frå auka effektbehov på grunn av nye kundar eller ny produksjon samt tilstand og alder på nettkomponentane. Slike konsesjonar vert handsama fortløpande og dei nyaste konsesjonane har fått gyldighet på 30 år.

**21. Andre forhold**

I generalforsamling 16.12.2022 vedtok ein fusjon mellom Linja AS (no SFE Fiber AS) og Mørenett AS. Fusjonen er planlagt meldt gjennomført 01.03.2023.



#1703009

## Linja AS - Styret si melding for 2022

### Verksemda si art og tilhaldsstad

#### Generelt

Linja AS er nettselskapet i SFE-konsernet. Linja AS har ansvar for overføring av elektrisk energi og bygger ut, driftar og eig regionalt distribusjonsnett (tidlegare regionalnett) i Sogn, Sunnfjord og Nordfjord og distribusjonsnett i Sunnfjord og Nordfjord. Linja AS fusjonerer i 2023 med Mørenett AS.

Linja AS har 25749 nettkundar mot 25199 i 2021. Mykje av kundeauken frå 2021 skuldast at fellesmålte burettslag vert ombygd til individuelt målte bueningar som del av AMS-prosjektet.

Linja AS er av NVE gitt rolla som utgreiingsansvarleg for kraftsystemet i Sogn og Fjordane. Direktør i Linja AS har KDS-funksjonen (Kraftforsyningens distriktssjef) for Sogn og Fjordane, med ansvar for koordinering av dei andre KBO-einingane (Kraftforsyningas Beredskapsorganisasjon) i beredskapssamanheng.

Linja AS er i hovudsak ei monopolverksemd. Selskapet si årlege inntektsramme vert bestemt av NVE. Selskapet eig breibandsnett i regionen, og leiger ut overskotskapasitet.

Som for andre nettselskap er DLE (det lokale eltilsyn) ein del av verksemda. Selskapet bestiller i hovudsak kontrollar etter anbod, pr. dato etter kontrakt med Evinyr Elsikkerhet AS.

Selskap i SFE-konsernet har felles visjon for selskapa under SFE-paraplyen: Vi skaper den fornybare framtida.

Selskapet sitt forretningskontor er i Florø i Kinn kommune.

### Nettet sin tilstand og utvikling av nettet

Leverte kraft til sluttkundane i distribusjonsnettet har hatt slik utvikling

2022: 764 GWh  
2021: 776 GWh  
2020: 698 GWh  
2019: 732 GWh  
2018: 711 GWh

Nedgangen i levert energi var ikkje venta, men har to ulike forklaringar. Tidleg på året var noko aktivitet i samfunnet redusert som følgje av Covid-restriksjonar som var gjeninnført og innstamma etter at Omicron-varianten fekk god spredning rundt årsskiftet 2021/22. Januar og februar i 2022 hadde lågare forbruk enn tilsvarende periode i 2021. Vidare utover i året var det så god forbruksvekst igjen, med akkumulert 4% auke pr 30. september, før forbruket i distribusjonsnettet vart kraftig redusert gjennom oktober, november og desember. Vi vurderer at dette var ein direkte konsekvens av det nasjonale prisbiletet på straum, og at dei høge prisane i denne perioden etablerte seg også i vårt område.



Linja AS har i 2022 relativt god leveringskvalitet, hensyneteke geografisk beliggenhet og klimatiske påkjenningar. Leveringskvalitet vert synleggjort ved årleg avbrotstatistikk. Mål for leveringskvalitet er oppetid på 99,975%, eller ILE/LE (ikkje levert energi dividert på levert energi) på 0,025%. I 2022 var ILE/LE 0,042%, tilsvarande levert energi 99,96%. Forsyningsstryggleik var med det noko lågare enn målsett. Gjennom insentivordninga «KILE» har den ikkje leverte energien ein økonomisk kostnad for Linja på ca 10,6 millioner kroner i 2022.

I regionalt distribusjonsnett er det tett på 100% leveringspålitelighet i 2022, så samla leveringskvalitet i alt nett Linja driver er høgare enn resultatet i distribusjonsnettet. Tidlig i 2022 var det to «gode» stormhelger, men ingen store enkeltutfall som berørte store deler av forsyningsområdet over tid. Følger av stormen «Malik» i januar 2022 gav dei største driftsavbrotta. Store nettinvesteringar og målretta skogrydding dei siste åra gjer at nettet er meir robust, og at risikoen for avbrot er redusert.

### ***Utvikling av transmisjonsnettet***

Statnett har gjennom 2022 arbeidet med en ny områdeplan som dekker vårt nettområde. Denne beskriv status og naudsynt utvikling for å dekke den utviklinga som er venta både på forbruk og produksjon. Planen er ikkje ferdigstilt ved utgang av 2022, men arbeidet peiker klart på behov for vidare utvikling av løysingar for meir kapasitet i Indre Sogn, og på lengre sikt behov for Grov transformatorstasjon og forsterking av forsyninga langs kysten i «Sogn og Fjordane». Statnett har besluttet anleggsstart på oppgraderingen av Sogndal-Aurland fra 300 til 420kV. Forventet ferdig og spenningsatt i 2025.

### ***Utvikling av regionalt og lokalt distribusjonsnett***

Det har vore investert mykje i ny nettkapasitet dei siste åra, og det er framleis behov for store investeringar i regionalt og lokalt distribusjonsnettet dei komande åra. Den viktigaste grunnen til investeringar dei siste åra har vore ny vasskraft og vindkraft. I komande tidsfase er elektrifisering og industrivekst den klart største årsaken til aukande investeringar.

### **Fortsatt drift**

Rekneskapen er sett opp med føresetnad av fortsatt drift, og føresetnadane for fortsatt drift er til stede.

### **Framtidsutsikter**

Linja AS har vedteke fusjon med Mørenett AS. Transaksjonen gjennomførast som ein fisjonfusjon, hvor nettverksemda til Linja AS først vert fisjonert og så fusjonert med Mørenett AS. Verknadstidspunkt for fusjonen er 8. mars 2023, etter utløp av kreditorfrist 21. februar 2023. Som vederlag for fusjonen får Sogn og Fjordane Energi AS ein eigardel av det fusjonerte selskapet på 33,3%. Etter fisjonen vil Linja AS halde fram med fiberverksemd under eit nytt namn, SFE Fiber AS, heileigd av Sogn og Fjordane Energi AS.

Fusjonen er vedteke i begge selskap med ein uttalt ambisjon om at det fusjonerte selskapet skal verte minst like effektivt som det beste av dei to selskapa før fusjonen. Det er lagt opp til eit treårig løp for uttak av synergi- og effektiviseringsvinst, koordinert med utjamning av nettleiga til kundane i dei to nettområda.

## Rettvisande oversikt over utvikling og resultat

### Resultatrekneskapet

Nokre nøkkeltal frå rekneskapet:

Tal i mill kroner:	2022	2021	2020
Resultat etter skatt	60,9	42,0	54,2
Driftsresultat	105,9	65,6	79,6
Driftsresultat monopol	98,5	64,9	59,9

Sum driftsinntekter er 671,5 mill. kr i 2022. Det er ei auke på 38,6 mill. kr samanlikna med 2021. Av inntektene utgjør overføringsinntekter 595,6 mill. kr mot 590,7 mill. kr i 2021. Auken i overføringsinntekter er 4,8 mill. kr. Reguleringsmyndigheten for energi i NVE (RME) vedtok i 2022 at Statnett SF skulle betale flaskehalsinntekter til underliggende nettselskap. Selskapet har mottatt 35,7 mill. kr i flaskehalsinntekter i 2022 som inngår i andre driftsinntekter.

Driftsresultatet i 2022 er 105,9 mill. kr, ein auke på 40,3 mill. kr. samanlikna med 2021. Hovudårsaka til auka driftsresultat samanlikna med 2021 er auka inntektsramme. Auka marknadsrenter medfører auka avkastning på nettkapitalen som inngår i inntektsramma. Samtidig aukar rentekostnad på langsiktig gjeld med 23,8 mill. kr samanlikna med 2021. Resultat etter skatt er 60,9 mill. kr, ei auke på 18,9 mill. kr målt mot 2021.

### Balansen:

Sum varige driftsmidlar er i 2021 auka med 150,3 mill. kr til 2.256 mill. kr. Finansielle leigeavtaler utgjør 150,0 mill. kr av langsiktige fordringar. Finansielle leigeavtaler gjeld utleige av fiberanlegg til eksterne aktørar på lange kontrakter.

Pensjonsforplikting er redusert med 6,1 mill. kr til 20,0 mill. kr.

Som følge av fusjonen med Mørenett er selskapet si konserninterne lånegjeld mot morselskapet på 1.300,0 mill. kr. refinansiert i 2022 og konvertert til eit kortsiktig lån med forfall i 2023. Kortsiktig gjeld til morselskapet er auka med 86,4 mill. kr. som følge av at årets tilleggsutbytte er konvertert til gjeld.

Selskapet har anna kortsiktig gjeld til morselskapet på 61,3 mill. kr og ei anna konsernintern kortsiktig gjeld på 65,5 mill. kr.

Akkumulert meirinntekt nettleige på 43,9 mill. kr ved starten av året er endra med 52,9 mill. kr til ei mindreinntekt på 9,3 mill. kr ved utløpet av 2022.

Selskapet har ein eigenkapital på 732,4 mill. kr eller 28,8%. Pr. 2021 var eigenkapitalen på 32,2%.



## **Kontantstramanalyse/likviditet:**

Selskapet har ein positiv kontantstraum frå drifta på 436,1 mill. kr. Kontantstraum frå drifta og kontantstraum frå finansieringsaktivitetar inkluderer 241,8 mill. kr i konsernfinansiering. Det er brukt 229,3 mill. kr på investeringar. Til saman gjev årets endringar ei auke i beholdning av kontantar på 1.206 tusen samanlikna med 2021.

Morselskapet som konsernbank finansierer Linja AS.

## **FoU-aktivitet i 2022**

Linja har i 2022 delteke i fleire FoU-prosjekt og pilotar. Dette omhandlar stort sett aktivitet i samband med vårt engasjement i «FME CINELDI», og i samarbeid med eSmart sitt utviklingsprosjekt «OPAL»

Gjennom «FME CINELDI» har vi starta ein pilot med Heimdall Power, der vi har installert sensorikk som muliggjer løpande overvåking og berekning av overføringskapasitet på HS-linjer (DLR), med spesielt fokus knytt til utveksling mot sentralnett, men også i tilknytning til vindproduksjon. Prosjektet starta januar 2022, varighet 2 år.

«OPAL» blei avslutta desember 2022.

- «FME CINELDI» er eit stort bransjesamarbeid der vi utarbeider ein transisjonsstrategi som skal sørge for at vi bygger energisystemet for framtida. Prosjektet har 27 partnerar, går over 8 år, frå 2016 til 2024, og har ei samla ramme på 360 MNOK der SFE sin del er 4,8 MNOK jamt fordelt på kontantbidrag, pilotaktivitet og timeinnsats.
- «OPAL» står for «Open AI-plattform for Utilities» og er ei vidareføring av ASTRUM med fokus på å skape ein open plattform for anvendt kunstig intelligens for nettselskap. Grunntanken med prosjektet er knytt til ei forventning om at maskinlære og bruk av kunstig intelligens har potensialet til å revolusjonere drift av kraftnettet, og med dette som utgangspunkt er målet å berike Connected Grid-plattformen med meir funksjonalitet.

Prosjektet er planlagt med ein varighet på tre år, frå 2020 t.o.m. 2022, med ein total kostnad på 50 MNOK. Linja sitt totale bidrag fordelt over desse tre åra er på 6,5 MNOK (finansielt: 5MNOK, eigeninnsats: 1,5MNOK), med moglegheit for å tre ut av avtalen kvar 1. januar. Prosjektet er no avslutta, sluttrapport ligg til godkjenning hos Forskningsrådet.

- I årsskiftet 2021/2022 vart det sendt inn søknad til ESA om finansiering av eit nytt demonstrasjonsprosjekt kalla Grid EyeS, som tek føre seg bruk av satelittbilder, vèrinformasjon og historiske utfallsdata for å bygge ein risikohandlingsmodell som skal hjelpe oss med å forutsjå/seie noko om faren for vegetasjonsrelatert linjeutfall. Prosjektet er i regi av StormGeo i samarbeid med eSmart, HVL og Linja som partnerar, og er fullfinansiert av European Space Agency (ESA). Nova Scotia Power og Center Point Energy er også med som deltakarar.

I demonstrasjonsprosjektet deltek Linja med eigeninnsats i form av interne timar og deling av historiske observasjons-, og utfallsdata, der våre data er verdisett til € 360 000. I rolla som partner kjem vi også til å ha ansvar for ein arbeidspakke knytt til



testing og implementering, der Linja budsjetterer å bidra med ein eigeninnsats på 260 timar.

Oppstart Q1 2023, varighet 2 år. Deltaking forutsetter at prosjektet blir godkjent på NVE si FoU-ramme.

## Finansiell risiko

Linja AS er eksponert for risiko knytt til utfall i nettet. Utfall i nettet inneber ein KILE-kostnad som vert trekt direkte frå inntektsramma. Det er etablert vedlikehaldsplanar og vaktordningar for å handtere denne risikoen.

Linja AS er også eksponert for ei usikker inntektsrammeregulering som kan gje til dels store utslag på resultatet og meir/mindreinntekta.

## Arbeidsmiljø, likestilling, diskriminering

### Arbeidsmiljø

HMS-visjonen for Linja er å kome heim like heil – både inni og utanpå. Ein legg stor vekt på både det psykososiale og fysiske arbeidsmiljøet. I tillegg til at ein jobbar målretta med førebyggjande tiltak på begge områder, har ein hatt eit konsernomfemnande HMS-prosjekt med fokus på å vidareutvikle HMS-arbeidet og kulturen. Ein legg også stor vekt på melde frå om, og handsame uønska forhold og hendingar. Ein måler kontinuerleg på dette saman med gjennomføring av risikovurderingar. Ein er nøgd med resultatet for 2022, men ein må arbeide målretta med dette vidare.

HMS-opplæring vert kontinuerleg følgd opp for å sikre at leiarar med personalansvar, deltakarar i AMU og verneomboda innehar den HMS-kompetansen lover og forskrifter set krav om.

Det er i 2022 registrert fire skadar totalt, to av desse har medført fråvær. Skadar med fråvær har ein nedgang med ei skade sidan førre år, medan skade utan fråvær er det same som i 2021. Skadane har medført 32 fråværsdagar, som er ein nedgang sidan 2021. Det er ingen alvorlege skadar.

I eit år med store endringar knytta til fusjon og ny organisering vert det ei ekstra psykososial belastning på organisasjonen og den enkelte medarbeidar. Det er jobba målretta for å redusere følgjene av dette.

### Skadestatistikk for Linja AS 2022

		Måltal konsern	Linja 2022 Faktor (tal)	Konsern – 2022 Faktor (tal)
Skader med fråvær	H1	2,1	9,1	7,8
Skader med og utan fråvær	H2	4,8	18,2	18,2
Fråværsdagar	F	31,7	145,7	112



## Jobbnærvær og inkluderande arbeidsliv

SFE-konsernet har satt seg konkrete mål som ledd i å oppfylle partane i arbeidslivet sine nasjonale målsettingar om eit inkluderande arbeidsliv - Reduksjon i sjukefråvær og redusere fråfallet frå arbeidslivet. Med eit sjukefråvær på 4,93% (4,73% i Linja) i 2022 nådde ein ikkje målet om jobbnærvær (sjukefråvær) for 2022. Eit krevjande år i høve til sesonginfluensa og covid ser ein tydeleg gjennom fråværet. Selskapet har gjennomført fleire vellykka prosjekt i forhold til å hindre fråfall av eigne tilsette. Koronatiltak med heimekontor og reduksjon av kontakt mellom arbeidslag og kollegaer har gjort det utfordrande å gjere ein innsats i høve til å inkludere personar utanfrå konsernet. Det har vert 2 arbeidstreningsprosjekt i samarbeid med NAV i 2022.

## Likestilling og diskriminering

SFE-konsernet arbeider aktivt og målretta med å styrke likestilling og hindre diskriminering. Konsernet har i tett samarbeid med tillitsvalde oppretta eit eige likestillings- og mangfaldsutval, som representerer heile konsernet i dette sentrale arbeidet og er samansett av 3 kvinner og 3 menn. Utvalet tilrår prioritering, koordinerer og sikrer kartlegging, verksetting og evaluering av tiltak og arbeidet i tråd med etablert årshjul. Det vert mellom anna arbeid målretta med å styrke kvinneandelen i selskapet. Vår personalpolitikk skal stimulere til aktiv likestilling. Ein sentral del av SFE sin lønspolitikk er at det skal vere lik løn for likt arbeid og lik vurdering ved individuell lønsfastsetting som er basert på resultatoppnåing, fleksibilitet og kompetanse. SFE sitt løns- og stillingsystem er kjønnsnøytralt.

Selskapet har slik kjønnsfordeling basert på tal årsverk:

Linja AS hadde pr. 31.12.2022 164 tilsette, av dette 137 menn og 27 kvinner. Dette inkluderer 8 lærlingar.

1 mann av samla 164 er deltidstilsett, for kvinner er 4 av 27 deltidstilsette. Dette innan reinhald på ulike oppmøteplassar.

Det er ein midlertidig tilsette som trainee.

2 kvinner har hatt foreldrepermisjon i snitt 23 veker pr. person.

3 menn har hatt foreldrepermisjon i gjennomsnitt 11.1 veker pr. person.

Leiargruppa på øvste nivå består av 8 personar, av dette ei kvinne.

Styret har i 2022 hatt 4 medlemmer samansett av 3 aksjonærvalde og 1 vald mellom dei tilsette. Blant dei aksjonærvalde styremedlemmane er det ei kvinne.

Konsernstyret har 9 medlemmer satt saman av 6 aksjonærvalde og 3 tilsettere representantar. Styret består av 2 kvinner og 7 menn.

Konsernleiinga består av 1 kvinne og 6 menn.

## Openhetslova

Linja AS skal etter openhetslova gje ei redegjering for arbeidet med grunnleggande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold innan 30.06.2023. Denne redegjeringa vil verte tilgjengeleg på [www.linja.no](http://www.linja.no)

## Ytre miljø

Aktivitetar i Linja som medfører direkte forureining eller utslepp som kan skade det ytre miljøet er i hovudsak knytt til reiseverksemd med bilar og helikoptertransport i samband med bygging, drift og vedlikehald av anlegg. For å redusere dette har Linja ein policy om overgang til nullutsleppstransportmiddel så langt dette let seg gjere for å løyse verksemda sine oppgåver. Ein legg i tillegg vekt på å bruke moderne teknologi for å redusere behovet for reiseverksemd.

Kraftleidningar, kabelgrøfter og transformeringsanlegg medfører inngrep i natur og miljø. I samband med nye anlegg vurderer Linja AS miljømessige konsekvensar nøye. Spesielt har materialbruk og traseval i forhold til naturinngrep fått auka merksemd.

Som del av SFE-konsernet har Linja fokus på FN sine berekraftsmål, EU sin handlingsplan for berekraftig finans og taksonomi-regulering og har iverksett arbeid for systematisk oppfølging og rapportering i forhold til mål og krav. Når det gjeld FN sine berekraftsmål, har vi valt ut nokre av dei, basert på kva som er mest vesentleg for verksemda vår. Desse er:



Med oppgradering av nettanlegg øker overføringskapasitet, samtidig som nettap ofte vert redusert. Med dette vert rein energi tilgjengeleg for fleire, og i mange tilfelle heng dette tett saman med arbeid og satsingar for å redusere klimapåverknad.

I høgspenst-koblingsanlegg har SF<sub>6</sub>-gass (svovelheksafluorid) vore brukt av alle leverandørar fordi gassen har svært gode sløkke-eigenskapar for lysbue og dermed egner seg godt i høgspenstbrytarar. Gassen er derimot giftig og er ein svært potent klimagass. Ved lekkasje eller havari på anlegg tilsvarar utslepp av ein kilo SF<sub>6</sub>-gass over 20.000 kilo CO<sub>2</sub>. På nye anlegg kan SF<sub>6</sub> no erstattast av meir klimariktige gassblandingar, og Linja velgjer slike alternativ på alle anlegg kor det er kommersielt tilgjengeleg.

SFE-konsernet er medlem av Klimapartnere, fører klimarekneskap og har for heile konsernet som målsetjing å vere klimanøytral.



Hovudkontoret til SFE på Sandane og Linja AS sitt kontor i Florø har vore sertifisert som Miljøfyrtårn sidan 2008. I 2021 vart dette utvida, og alle dei 8 montørbasane til Linja AS er



no sertifiserte som Miljøfyrtårn. Ved hjelp av dette miljøstyringssystemet, kartlegg og måler vi aktiviteten vår på arbeidsmiljø, energibruk, transport, innkjøp og avfall. Kwart år blir det laga ein klima- og miljørapport som viser kva vi har oppnådd, og målsettingar for komande år.

Linja har fokus på bruk av andre materialar i linjebygging enn dei tradisjonelle kreosotimpregnerte trestolpane. Dei seinare åra har vi difor både bygd linjer i stål og i kompositt. Det er i 2022 også tatt i bruk trestolpar med alternative (mindre giftige) impregneringsmetodar, og kreosot er i ferd med å verte fasa heilt ut i bruk på nyanlegg.

Det er kjeldesortering av avfall ved alle anlegg i konsernet i tillegg til at spesialavfallscontainer er tilgjengeleg på anlegg etter behov.

Alt straumforbruk i konsernet sine forretningsbygg er dekkja ved opphavsgarantiar frå SFE sin eigen produksjon i Åskora kraftverk.

## Eigarstyring og selskapsleiing

Norsk utval for eigarstyring og selskapsleiing (NUES) utarbeider tilråding for eigarstyring og selskapsleiing. Tilrådinga skal bidra til å klargjere rolledeilinga mellom aksjeeigarar, styre og dagleg leiing utover det som føl av lovgjeving. På SFE si heimeside vil ein finne SFE si vurdering av status i forhold til NUES si tilråding. SFE følger tilrådinga for eigarstyring og selskapsleiing innanfor dei rammer som selskapet si organisasjonsform og eigarskap tillèt.

## Forsikring for styret sine medlemmer og dagleg leiar

Linja AS har styreansvarforsikring som er teikna av morselskapet Sogn og Fjordane Energi AS på vegne av dotterselskap. Forsikringa dekker ansvar for formuestap for krav framsatt mot den sikra i forsikringsperioden som følge av ei ansvarsbetinga handling eller unnlating hos sikra i eigenskap av dagleg leiar, styremedlem, medlem av leiing eller tilsvarande styreorgan i konsernet. Forsikringen dekker ikkje skade på personar eller eigedelar. Forsikringsavtalen sitt hovudforfall er 1. januar og løper i 12 månader.

Det vert stadfesta at selskapet har styreansvarforsikring med bransjetypisk beløpsgrense tilpassa Linja AS sin storleik og omsetnad.

## Samfunnsansvar

Linja sitt samfunnsansvar omfattar utvikling og drift av straumnett som kritisk infrastruktur, samstundes som vi gjennom effektiv drift bidreg til økonomisk verdiskaping for offentlege eigarar, våre kundar og lokalsamfunn. Den globale situasjonen i 2022 har også vist behovet for høg tryggleik og sikring rundt infrastrukturen vår, både fysisk og digitalt.

## Hendingar etter balansedag

Fisjonfusjon er gjennomført etter balansedag. Ut over dette er styret ikkje kjend med at det etter balansedag har oppstått hendingar som har vesentleg innverknad på resultat, balanse eller selskapet si framtid.



## Årsresultat og disponeringar

Styret foreslår slik disponering av årsoverskotet i selskapet:

Avsatt til anna eigenkapital	kr.	-25.518.599
<u>Tilleggsutbytte</u>	<u>kr.</u>	<u>86.450.000</u>
Årsresultat	kr.	60.931.401

Florø 17.03.2023

Ole Schanke Eikum  
-styreleiar-

Regine Johansen  
-styremedlem-

Bjarte Lofnes Hauge  
-styremedlem-

Atle Isaksen  
-dagleg leiar-

**SIGNATURES**

This document contains 9 pages before this page  
Dokumentet inneholder 9 sider før denne siden

**ALLEKIRJOITUKSET**

Tämä asiakirja sisältää 9 sivua ennen tätä sivua  
Dette dokument inneholder 9 sider før denne side

**UNDERSKRIFTER****SIGNATURER**

Detta dokument innehåller 9 sidor före denna sida

**UNDERSKRIFTER****Atle Henning Isaksen**

1075f4eb-e97f-431f-97ac-48be78aec735 - 2023-03-28 10:26:31 UTC +03:00  
BankID - 2e7239dc-907c-4024-b41d-b02c19e49e6e - NO

**Ole Schanke Eikum**

8a97dfa2-2216-4155-909a-91f8ff06a98a - 2023-03-28 10:55:43 UTC +03:00  
BankID - c433ae87-e70f-4cf0-b7e0-d6d31797ea11 - NO

**Bjarte Lofnes Hauge**

c9f46aa8-c741-4311-abb3-e04bdd762515 - 2023-03-28 13:16:53 UTC +03:00  
BankID - 9d7d3147-0369-47c7-834e-4cb36bd303df - NO

**Regine Johansen**

156264ed-1782-4a9a-b3ea-137ec493e63a - 2023-03-28 15:54:45 UTC +03:00  
BankID - 6c9f5fac-fa7d-4a19-b385-a3e41360ea7d - NO

authority to sign  
representative  
custodial

asemavaltuuus  
nimenkirjoitusoikeus  
huoltaja/edunvalvoja

ställningsfullmakt  
firmateckningsrätt  
förvaltare

autoritet til a signere  
representant  
foresatte/verge

myndighed til at underskrive  
repræsentant  
frihedsberøvende

Electronically signed / Sähköisesti allekirjoitettu / Elektroniskt signerats / Elektronisk signert / Elektronisk underskrevet  
<https://sign.visma.net/nb/document-check/f4a64944-7326-4a23-9caf-7c5493170fc8>

visma sign  
www.vismasign.com



Building a better  
working world

Statsautoriserte revisorer  
Ernst & Young AS

Dronning Eufemias gate 6a, 0191 Oslo  
Postboks 1156 Sentrum, 0107 Oslo

Foretaksregisteret: NO 976 389 387 MVA  
Tlf: +47 24 00 24 00

www.ey.no  
Medlemmer av Den norske Revisorforening

## UAVHENGIG REVISORS BERETNING

Til generalforsamlingen i SFE Fiber AS (tidligere Linja AS)

### Konklusjon

Vi har revidert årsregnskapet for SFE Fiber AS (tidligere Linja AS) som består av balanse per 31. desember 2022, resultatregnskap og kontantstrømpstilling for regnskapsåret avsluttet per denne datoen og noter til årsregnskapet, herunder et sammendrag av viktige regnskapsprinsipper.

Etter vår mening oppfylder årsregnskapet gjeldende lovkrav og gir et rettviseende bilde av selskapets finansielle stilling per 31. desember 2022 og av dets resultater og kontantstrømmer for regnskapsåret avsluttet per denne datoen i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge.

### Grunnlag for konklusjon

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med International Standards on Auditing (ISA-ene). Våre oppgaver og plikter i henhold til disse standardene er beskrevet nedenfor under *Revisors oppgaver og plikter ved revisjonen av årsregnskapet*. Vi er uavhengige av selskapet i samsvar med kravene i relevante lover og forskrifter i Norge og *International Code of Ethics for Professional Accountants* (inkludert internasjonale uavhengighetsstandarder) utstedt av International Ethics Standards Board for Accountants (IESBA-reglene), og vi har overholdt våre øvrige etiske forpliktelser i samsvar med disse kravene. Innhentet revisjonsbevis er etter vår vurdering tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

### Øvrig informasjon

Øvrig informasjon omfatter informasjon i selskapets årsrapport bortsett fra årsregnskapet og den tilhørende revisjonsberetningen. Styret og daglig leder (ledelsen) er ansvarlig for den øvrige informasjonen. Vår konklusjon om revisjonen av årsregnskapet dekker ikke den øvrige informasjonen, og vi attesterer ikke den øvrige informasjonen.

I forbindelse med revisjonen av årsregnskapet er det vår oppgave å lese den øvrige informasjonen med det formål å vurdere om årsberetningen inneholder de opplysninger som skal gis i henhold til gjeldende lovkrav og hvorvidt det foreligger vesentlig inkonsistens mellom den øvrige informasjonen og årsregnskapet eller kunnskap vi har opparbeidet oss under revisjonen, eller hvorvidt den tilsynelatende inneholder vesentlig feilinformasjon. Dersom vi konkluderer med at den øvrige informasjonen inneholder vesentlig feilinformasjon eller ikke inneholder de opplysninger som skal gis i henhold til gjeldende lovkrav, er vi pålagt å rapportere det.

Vi har ingenting å rapportere i så henseende, og vi mener at årsberetningen er konsistent med årsregnskapet og inneholder de opplysninger som skal gis i henhold til gjeldende lovkrav.

### Ledelsens ansvar for årsregnskapet

Ledelsen er ansvarlig for å utarbeide årsregnskapet og for at det gir et rettviseende bilde i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge. Ledelsen er også ansvarlig for slik intern kontroll som den finner nødvendig for å kunne utarbeide et årsregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller feil.

Ved utarbeidelsen av årsregnskapet må ledelsen ta standpunkt til selskapets evne til fortsatt drift og opplyse om forhold av betydning for fortsatt drift. Forutsetningen om fortsatt drift skal legges til grunn for årsregnskapet med mindre ledelsen enten har til hensikt å avvikle selskapet eller virksomheten, eller ikke har noe annet realistisk alternativ.



Building a better  
working world

## Revisors oppgaver og plikter ved revisjonen av årsregnskapet

Vårt mål er å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet som helhet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller feil, og å avgi en revisjonsberetning som inneholder vår konklusjon. Betryggende sikkerhet er en høy grad av sikkerhet, men ingen garanti for at en revisjon utført i samsvar med ISA-ene, alltid vil avdekke vesentlig feilinformasjon. Feilinformasjon kan skyldes misligheter eller feil og er å anse som vesentlig dersom den enkeltvis eller samlet med rimelighet kan forventes å påvirke de økonomiske beslutningene som brukerne foretar på grunnlag av årsregnskapet.

Som del av en revisjon i samsvar med ISA-ene, utøver vi profesjonelt skjønn og utviser profesjonell skepsis gjennom hele revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og vurderer vi risikoen for vesentlig feilinformasjon i årsregnskapet, enten det skyldes misligheter eller feil. Vi utformer og gjennomfører revisjonshandlinger for å håndtere slike risikoen, og innhenter revisjonsbevis som er tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon. Risikoen for at vesentlig feilinformasjon som følge av misligheter ikke blir avdekket, er høyere enn for feilinformasjon som skyldes feil, siden misligheter kan innebære samarbeid, forfalskning, bevisste utelatelser, uriktige fremstillinger eller overstyring av intern kontroll.
- opparbeider vi oss en forståelse av den interne kontrollen som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlinger som er hensiktsmessige etter omstendighetene, men ikke for å gi uttrykk for en mening om effektiviteten av selskapets interne kontroll.
- evaluerer vi om de anvendte regnskapsprinsippene er hensiktsmessige og om regnskapsestimater og tilhørende noteopplysninger utarbeidet av ledelsen er rimelige.
- konkluderer vi på om ledelsens bruk av fortsatt drift-forutsetningen er hensiktsmessig, og, basert på innhentede revisjonsbevis, hvorvidt det foreligger vesentlig usikkerhet knyttet til hendelser eller forhold som kan skape betydelig tvil om selskapets evne til fortsatt drift. Dersom vi konkluderer med at det eksisterer vesentlig usikkerhet, kreves det at vi i revisjonsberetningen henleder oppmerksomheten på tilleggsopplysningene i årsregnskapet, eller, dersom slike tilleggsopplysninger ikke er tilstrekkelige, at vi modifiserer vår konklusjon. Våre konklusjoner er basert på revisjonsbevis innhentet frem til datoen for revisjonsberetningen. Etterfølgende hendelser eller forhold kan imidlertid medføre at selskapet ikke kan fortsette driften.
- evaluerer vi den samlede presentasjonen, strukturen og innholdet i årsregnskapet, inkludert tilleggsopplysningene, og hvorvidt årsregnskapet gir uttrykk for de underliggende transaksjonene og hendelsene på en måte som gir et rettviseende bilde.

Vi kommuniserer med styret blant annet om det planlagte omfanget av og tidspunktet for revisjonsarbeidet og eventuelle vesentlige funn i revisjonen, herunder vesentlige svakheter i den interne kontrollen som vi avdekker gjennom revisjonen.

Oslo, 30. mars 2023  
ERNST & YOUNG AS

*Revisjonsberetningen er signert elektronisk*

Finn Espen Sellæg  
statsautorisert revisor



# PENNEO

Signaturene i dette dokumentet er juridisk bindende. Dokument signert med "Penneo"™ - sikker digital signatur.  
De signerende parter sin identitet er registrert, og er listet nedenfor.

"Med min signatur bekrefter jeg alle datoer og innholdet i dette dokument."

## Finn Espen Sellæg

Statsautorisert revisor

På vegne av: Ernst & Young AS

Serienummer: UN:NO-9578-5997-4-389551

IP: 77.16.xxx.xxx

2023-03-30 14:25:28 UTC



Penneo DokumentID: TT8CV-K2KBP-GS12H-W3T60-32B57-SWLES

Dokumentet er signert digitalt, med **Penneo.com**. Alle digitale signatur-data i dokumentet er sikret og validert av den datamaskin-utregnede hash-verdien av det opprinnelige dokument. Dokumentet er låst og tids-stemplet med et sertifikat fra en betrodd tredjepart. All kryptografisk bevis er integrert i denne PDF, for fremtidig validering (hvis nødvendig).

### Hvordan bekrefter at dette dokumentet er originalen?

Dokumentet er beskyttet av ett Adobe CDS sertifikat. Når du åpner dokumentet i

Adobe Reader, skal du kunne se at dokumentet er sertifisert av **Penneo e-signature service <penneo@penneo.com>**. Dette garanterer at innholdet i dokumentet ikke har blitt endret.

Det er lett å kontrollere de kryptografiske beviser som er lokalisert inne i dokumentet, med Penneo validator - <https://penneo.com/validator>